

HEIMOM

Alexander Aaga Roynstrand



HEIMOM

Eg hadde aldri kunne reise avgarde, om eg aldri hadde vore heimom. Det er også trass alt heime i Granvin at fundamentet for det eg driv med vart lagt, og det å reise heimom er soleis viktig på fleire måtar. Både for å fordøye det ein har opplevd, men også for å bli minna på kvar reisa byrja.

Sidan eg var gutunge har heimstaden min Holven i Granvin inspirert meg på mange ulike måtar. Størst er kanskje det å vera knytt så sterkt til ein stad at den kjennest som ein del av deg. Kjensla av å ha ein stad der ein kan lande, og byrje på nytt att.

Samstundes har det å vera på reis også vore viktig. Eg har stort sett reist omkring i Noreg, ofte til dei same stadene, men likegodt på reis, og på desse reisene har eg til stadigheit fått møte nye menneske, nokon har vorte vener for livet, andre har eg ikkje sett att.

Det å vera på reis, eller kanskje meir det å vilja reise avgarde er ei sterk kjensle i meg, og noko eg både traktar etter og har stor glede av.

Heimom er ei plate som heidrar heimstaden min, tradisjonen min og dei som på ulike vis har teke del i denne reisa.

Musikalsk vert *Heimom* ei plate som viser eit utdrag av kvar eg i dag står som tradisjonsbærar. Nokre slåttar er i tradisjon med mindre personleg preg, andre er i tradisjon med stort personleg preg. Nokon har eg laga sjølv, noko er runddans og noko er bygdedans, og noko er kanskje ikkje dansbart i det heile.

Musikken har utgangspunkt i heimetradisjonen, men er påverka av både reisene i seg sjølv, og alle menneska ein har møtt. Det er lyttarane som driv ein vidare, enten det er heime eller ute i verda.

Det vil likevel alltid vera når eg er heimom eg får synt musikken fram på ærlegast vis, om det så berre var for meg sjølv.

Denne gongen er eg så heldig å få kunne dele det med dykk. Vonar det fell i smak.

Alexander Aaga Roynstrand

SLÅTTAR

1. Rull etter Hans Selland

Lært etter opptak med
Knut Hamre.

2. Isbergen, springar

Lært av Knut Hamre.

3. Halte-Larsrull

Lært av Knut Hamre.

4. Bjølleslåtten, springar

Lært av Knut Hamre.

5. På Bømoen, reinlender

Reinlender etter Nils (Tråen)
Eide.
Lært etter opptak med
Lars Velure.

6. Ungkoneslåtten, springar

Lært av Knut Hamre.

7. Urheimen, rull

Lært av Knut Hamre.

8. Ingeborg Hamre, springar

Sjølvlaga til mi gode venninne
Ingeborg Hamre.

9. Børsheimen, halling

Sjølvlaga til min gode ven
Torkjell Lunde Børsheim.

10. Sledalen, hamborgar

Lært etter opptak med
Endre Bleie og Jon Velure.
Laga av Halldor Meland.

11. Håstabørrull

Lært av Knut Hamre.

12. Personvrita, springar

Lært av Knut Hamre.

13. Spelar-Guro, rull

Lært av Knut Hamre.

14. Rull etter Severin Kjerland

Lært av Knut Hamre.

Til den fantastiske son min,
Åsmund.

15. Kristofferrengja, springar

I form etter Anders Bonde.

Lært av Knut Hamre.

16. Sellanden, rull

I form etter Lise-Sjur.

Lært av Knut Hamre.

17. Lægreiden, springar

Sjølvlaga til min gode ven
Hans Olav Lægreid.

18. Vals etter Jakob Måge

Lært etter opptak med
Endre Bleie og Jon Velure.

19. Kjømbergen, rull

Lært av Knut Hamre.

Til den trufaste lyttaren
Harald Storli.

20. Vestlendingen, springar

Lært av Knut Hamre.

Til den fantastiske dotter mi,
Ingvild.

HJARTELEG TAKK TIL

Norsk Kulturråd,
Norsk senter for folkemusikk og folkedans,
Hardanger Spelemannslag,
Hordaland Folkemusikklag,
Voss Sparebank,
Hardanger Fjellboring,
Vestmar Transport,
Hardanger Saft- og siderfabrikk,
Eidfjord Bygdaservice,
Rauhelleren Turisthytte,
Granvin Ungdomslag og
Jaunsen Gjestgjevarstad

for stønad til utgjevinga!

Innspelt: Høre Stavkyrkje mars 2023 og
Kinsarvik Kyrkje oktober 2023
Miks: Strype Audio
Mastering: Svenska Grammofonstudion
Foto: Johannes Holven (cover) og Knut
Utlér (portrett)
Layout: Eva Karlsson

TAKK OGSÅ TIL

Knut Hamre (læremeister og lån av boge),
Talik (utgjevar),
Niels J. Røine (lydteknikar)
Andreas Ljones (gjestgjevar),
Knut Raunsgard (gjestgjevar og kjellermann),
Terje Raunsgard (kokk),
Per Anders Buen Garnås (produsent og rådgjevar),
Frank Rolland (lydmann og rådgjevar),
Øystein Velure (rådgjevar),
Svein Laingen Kjerland (rådgjevar og lån av boge),
Vegar Vårdal (rådgjevar)
Lars Magne Djønnø (lån av fele),
Hans Velken (lån av fele),
Arne Vindal og Astrid Dale Vindal (lån av boge),
Olav Aga (far min),
Kari Margrethe Røystrand (mor mi),
Johannes Holven (stefar min),
Åsmund Nesbakken Røystrand
(son og øvingsansvarleg),
Ingvild Nesbakken Røystrand
(dotter og øvingsansvarleg)



HARDANGER SPELEMANNSLAG

